



STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkiv: | Dato |
|-------------|-------------------------------|--------|------------|
| 2024/7877 | 24/3305-4 /ROAHAU/24/30463 | FA-K1 | 21.10.2024 |

Uttale til oppstart av arbeidet med ny forvaltningsplan for Hardangervidda

Kommunestyret har i møte 16.10.2024 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 115/24:

Ullensvang kommune viser til varsel om oppstart av arbeidet med ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda, samt ynskje om å vurdere endringar i verneforskriftene for områda.

Ullensvang kommune har eit samla areal på 1240 km² innafor Hardangervidda nasjonalpark. Dette utgjer 36% av det totale arealet til nasjonalparken. Arealet innafor kommunen er vidare fordelt mellom 829 km² statsallmenning og 411 km² privat eigedom.

Ullensvang kommune vurderer det som hensiktsmessig å lage ein ny forvaltningsplan, framfor ei revidering av den eksisterande. Om målet er ein ny og betre forvaltningsplan, må verneforskriftene vere oppdaterte, og mogleggjere dei ynskja endringane i forvaltninga.

Ullensvang kommune ser det difor som fornuftig å vurdere verneforskrifta for Hardangervidda nasjonalpark samtidig med utarbeidninga av ny forvaltningsplan. Forslag til endringar i verneforskrifta må leggjast fram parallelt med forslag til ny forvaltningsplan, og Ullensvang kommune tar i denne omgang ikkje stilling til kva som eventuelt bør endrast i verneforskrifta.

Det er viktig å vere klar på at det lokalt er ei oppfatning av at grunneigarinteressene og lokale brukarinteresser knytt til jakt, fiske og landbruksnæring, i liten grad er ivaretatt med dagens verneforskrift, forvaltningsplan og forvaltningspraksis. Ved innføring av vernet på Hardangervidda vart det lova at private rettshavarar, og bruksberettiga på statsallmenningane, ikkje skulle bli pålagt unødvendige avgrensingar, men ha gode rammevilkår for vidare hausting i høve jakt, fiske og sanking, samt drift og næringsmessig

Ring oss

Tel: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no

utnytting av sine eigedomar.

Frå Ullensvang kommune si side, er det ein føresetnad at ny forvaltningsplan, og eventuelle endringar i verneforskrifta, vert utforma ved at intensjonen og lovnadane ved oppretting av vernet vert førande for arbeidet. Dette betyr at villrein vert presisert som ein særskilt verneverdi, samtidig som at rammevilkåra for grunneigarar, rettshavarar og lokale brukarinteresser vert styrka når det kjem til drift av eigedom, jakt, fiske, sinking, næring og landbruksdrift. Tilrettelegging for friluftsliv og utøving av ulike friluftsaktivitetar, kan ikkje prioriterast føre, eller gå på kostnad av, den moglegheita den enkelte grunneigar, fjellstyre og lokale brukarar har til drift, næring eller hausting.

Ullensvang kommune vil presisere at det må sikrast gode rammevilkår for motorisert transport for inn- og uttransport av jegrar, utstyr og felt villrein. Dette er avgjerande når ein har ei bestandsforvaltning kor jegrane er den utøvande del av forvaltninga. Helikopter har i stor grad overtatt for sjøfly. Dagens forvaltningsplan med godkjente flylandingsvatn for uttransport av felt villrein utan eige løyve, må reviderast og bli tilpassa bruk av helikopter med omsyn til godkjende landingsstader.

Ullensvang kommune tek som nemnt no ikkje stilling til kva ein eventuelt skal vurdere å endre. Ein føreset at det i prosessen vidare vil vere tilrettelagt slik at kommunane får ein reell moglegheit til involvering i prosessen, då også før forvaltningsplan, og verneforskrift, kjem ut på formell høyring. Dette vil vere viktig for om Ullensvang kommune skal stille seg positiv til ei eventuell endring av verneforskrifta for Hardangervidda nasjonalpark.

Framlegget til prosjektgruppa må styrkast for å sikre betre representasjon frå private grunneigarar og fjellstyre, samtidig som det må takast omsyn til geografiske og organisatoriske forskjellar.

Helsing

Roald Aga Haug
ordførar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:
Anne Gerd Nysveen
Rolf Erling Loe